

HANDLINGSPLAN
MOT
MOBBING OG
KRENKINGAR



Danielsen
Ungdomsskule Osterøy

Arbeidet mot mobbing og krenkingar har si forankring i lovverket. Opplæringslova kapittel 9A handlar om elevane sitt skulemiljø

§ 9a-1. Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Reglane om skulemiljø gjeld i timar og friminutt på skulen, på skulevegen, i leksehjelp og i skulen sine aktivitetar utanfor skulen sitt område (jfr. Udir sitt rundskriv om skulemiljø: Udir-3-2017).

Kapittel 9A gjeld i utgangspunktet ikkje på fritida, men dersom elevane opplever noko på fritida som gjer at dei ikkje har det trygt og godt på skulen, så må skulen likevel handla i samsvar med aktivitetsplikten fram til eleven har det trygt og godt på skulen igjen. (Udir-3-2017)

Det er eleven sin eigen subjektive oppfatning som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt (jfr. Opplæringslova §9A-2).

Opplæringslova §9A-3 inneheldt føresegner om elevenes psykososiale skulemiljø

Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Skulen har aktivitetsplikt etter opplæringslova §9A-4. Aktivitetsplikten skal sikra at skulen handlar raskt og riktig når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Skulen sin aktivitetsplikt er delt inn i fem handlingsplikter.

Alle som arbeidar ved skulen har plikt til å:

- Følgje med
 - Vera årvaken og aktivt observere korleis elevane agerer kvar for seg og seg imellom.
 - Skulen har eit skjerpa ansvar ovanfor elevar med særskilt sårbarhet.
- Gripe inn
 - I situasjonar som pågår og som er forholdsvis akutte
 - Ver varsam med fysisk kontakt
 - Skal ikkje utsetta deg sjølv eller andre for fare ved å gripa inn
- Varsle
 - Varsle rektor ved all mistanke om at barnet ikkje har det trygt og godt

- Skal varsle så snart som det er naturleg (står i forhold til alvorgraden)
 - Skjerpa varslingsplikt dersom ein tilsett krenkjer elevar (skal varslast **straks**)
 - Dersom krenking frå ein i leiinga: varsle skuleeigar
 - Varsling kan skje på personalmøter, på mail, osv. Men alvorlege og akutte varsel må skje direkte med rektor eller den som er i rektor sin stad (t.d. inspektør).
- Undersøkje
 - Generelt undervegs opp mot skulemiljøet
 - Elevsamtalar, kartleggingar o.a.
 - Få fram fakta om konkrete situasjonar som har skjedd
 - Samtale med dei ulike partane, og andre i miljøet.
 - Hugs eleven sin rett til medbestemmelse: Skal verta høyr!t!
 - Setje inn tiltak
 - Skulen skal setje inn eigna tiltak for å endra på situasjonen
 - Skulen skal følgje opp tiltaka, evaluere, endre tiltak og dokumentere.
 - I nokre tilfelle må skulen setje inn tiltak utan at barnet ønskjer det, eller andre tiltak enn barnet sjølv ønskjer.
 - Tiltaka er avgrensa til skulesituasjonen, men ein bør stundom opprette kontakt med andre instansar, t.d. helsetenesta eller barnevernstenesta.
 - Det bør òg vurderast å setta inn tiltak mot dei som bidrar til at skulemiljøet ikkje er trygt og godt.

Skulen si plikt til å setje inn tiltak vert utløyst ved;

- Observasjonar eller funn ved kartleggingar
- Varsling frå tilsette
- Varsling frå eleven
- Varsling frå andre elevar
- Varsling frå føresette eller andre vaksne

DOKUMENTASJONSKRAV

Skulen skal lage ein skriftleg aktivitetsplan når det vert sett inn tiltak i ei enkeltsak. Denne planen skal vera i tråd med Opplæringslova § 9A-4, sjette ledd bokstav a-e (sjå Udir-3-2017).

Skulen skal overordna dokumentera korleis ein handterer aktivitetsplikta. Denne dokumentasjonen erstattar ikkje skulen si plikt til å dokumentera sitt systematiske arbeid for å sikra eit trygt og godt skulemiljø.

Målsetting for Danielsen Ungdomsskule Osterøy

Kortsiktig mål: Det skal vere **null-toleranse** mot krenkingar og mobbing på Danielsen Ungdomsskule Osterøy. Målet for det næraste året er å;

- redusera prosenten av elevane som i spørjeundersøking svarar at dei vert mobba eller krenka.
- auka bevisstheten om mobbing og krenking hjå elevane og personalet

Langsiktig mål: Det overordna og langsiktige målet er ein skule der mobbing og krenkande hendingar ikkje førekjem.

Skulen skal ha nulltoleranse mot både alvorlege og tilsynelatande mindre alvorlege krenkingar. Døme på alvorlege krenkingar er mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Både indirekte og direkte handlingar kan vera grovt krenkande mot ein elev. Eit døme på indirekte handling er utestenging, isolering og baksnakking (jfr. Udir-3-2017).

Kva er mobbing?

Det er viktig at alle jobbar ut frå same forståing om kva mobbing er: Olweus brukar omgrepet slik:

”En person er mobbet eller plaget når han eller hun, gjentatt eganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere andre personer. En negativ handling er noe en gjør med hensikt for å skade en annen. Det kan være ord, som når man truer, håner eller sier stygge ting som den andre ikke liker å høre. Det kan være håndfast, når en person slår, skubber, sparker, klyper eller holder noen fast mot hans eller hennes vilje. Det er ikke mobbing når to jevnbyrdige personer krangler eller slåss, det må være en viss ubalanse i styrkeforholdet. Offeret har ikke så lett for å forsvare seg. En annen form for mobbing er den indirekte – offeret blir fryst ut av kameratflokket, det blir satt ut rykter og bakvaskelser som gjør det vanskelig å få venner igjen. Det går på selvtilliten løs.”

Det er viktig at alle typar mobbing blir tatt like alvorleg. Den direkte mobbinga er lettare for ein utanforståande å sjå. Den indirekte mobbinga er mykje vanskelegare å få auge på, samt at elevane ofte ikkje har den same forståinga av at dette faktisk også er mobbing.

Førebyggjande tiltak

Det viktigaste tiltaket mobbing er å ha eit skulemiljø der alle partar i dette miljøet ser på mobbing som uakseptabelt. Lærarar og elevar ved skulen er opptatt av å skape eit trygt og positivt miljø.

Av konkrete tiltak kan nemnast:

- Gode og klare reglar for basisgruppene/klassane
- Årleg gjennomgang av skulereglement
- Manifest mot mobbing. Alle elevane og personale forpliktar seg skriftleg på korleis dei stiller seg til mobbing.
- Årleg gjennomgang av handlingsplanen mot mobbing
- Jobbe kontinuerlig med miljøet i basisgruppa/klassen
- Eigne klassemiljøtimar to gonger i månaden (Mitt Val)
- Sosialt skapande aktivitetar, ute og inne, samt skuleturar og leirskular kvart år.
- Eigen sosiallærer som er tilgjengeleg for elevane og arbeidar med elevkonfliktar, elevsamtalar, mobbing o.a.
- Eige miljøteam med 2-3 vaksne, som aktivt legg til rette for miljøfremmande aktivitetar.
- Aktivt tilsyn i friminutta
- Fast samtale mellom rektor og elevrådet minimum 2 gonger pr. år om temaet skulemiljø.
- Tydelege reglar for elektronisk utstyr.
- Nedlasting av eigen mobbeapp for alle vaksne og elevar
- Ekstra vaksne i friminutta
- Bussvakt som følgjer elevane til og frå busshaldeplass
- Loggbok som går mellom elevar og kontaktlærarar. Her kan elevane skrive fritt kva dei vil, eller det kan vera styrt av lærar.
- Elevundersøkinga kvar haust for alle trinna, ikkje berre 10.kl.
- Skulelunsj for elevar og personalet samla.
- Sette tema på dagsorden, mellom anna gjennom besøk av Barnevakten som snakkar om digital mobbing (også kalla skjult mobbing – mobbing på nett og mobil)
- Informera føresette på foreldremøte, og elles, om deira høve til å varsle skulen dersom deira barn eller andre opplever krenkingar eller mobbing, samt deira høve til å senda klage til Fylkesmannen.
- Lett tilgjengeleg informasjon på heimesida om dette temaet.

Avdekking av mobbing

Alle partar i skulemiljøet må ha som grunnhaldning at ein vil mobbinga til livs. Derfor er det viktig at alle partar varslar når dei oppdagar mobbing. Av konkrete tiltak for å avdekke mobbing, kan nemnast:

- Årleg undersøking om mobbing

- Elevsamtalen – eleven skal alltid spørjast om han/ho opplever mobbing
- Foreldresamtalen – temaet skal alltid takast opp
- Den tilsette har plikt til å gripe inn og varsle skuleleiinga ved avdekking eller mistanke om mobbing.
- Gode tilsynsrutinar
- Foreldre kontaktar skulen via kontaktlærar, eller direkte til rektor/skuleleiing.

Tiltak ved mobbing

Ved mistanke om mobbing er skulen pliktig til å sette inn tiltak. Konkrete tiltak kan vere:

- Rektor lagar ein aktivitetsplan for det aktuelle tilfellet.
- Hente inn informasjon frå dei ein tenkjer har relevante opplysningar, til dømes kontaktlærar, lærarar, andre tilsette, elevar, føresette.
- Samtale med den som har vorte mobba.
- Samtale med mobbar. Dersom fleire mobbarar er involvert i saka, gjennomfører ein individuelle samtalar
- Føresette til mobbeoffer vert informert snarast mogleg, etter første møte med offeret. Når det gjeld føresette til mobbar(ane), bør desse også informerast raskt, men det vert vurdert i det enkelte tilfelle når det skal skje
- Skuleleiinga opprettar "Aktivitetslogg" elektronisk for registrering og dokumentasjon av tiltaka som er gjennomført.
- Det vert vurdert om føresette til den som er utsatt for mobbing skal kallast inn til samtale med rektor.
- Det vert òg vurdert om føresette til mobbar skal kallast inn til samtale med rektor.
- Dersom mobbesaka ikkje tek slutt, kan desse sanksjonsalternativa ovanfor mobbaren vera aktuelle
 - Friminutt på ordinære tidspunkt med eigen vaksenperson
 - Ikkje friminutt saman med dei andre
 - Møte mellom mobbar og "offeret" sine føresette saman med kontaktlæraren og skuleleiinga
 - Bortvisning, (jf. Opplæringsloven § 2-10 og Friskulelova § 3-10)
 - Tvungen skulebyte (jf. friskulelova §3-3)

Informasjon om handlingsplanen

Handlingsplanen må gjerast godt kjent for alle partar i skulen.

- Planen er tilgjengelig for alle nye føresette og tilsette ved skulen, samt alle elevane
- Alle heimane får informasjon om ny handlingsplan når denne vert oppdatert
- Kvar haust vert det informert om handlingsplanen på foreldremøtet
- Kontaktlærer går gjennom handlingsplanen i sin basisgruppe/klasse kvar haust
- FAU gjer seg kjent med handlingsplanen kvar haust.

Kva kan eleven eller føresette gjera om dei ikkje opplever at skulen tar saka si på alvor?

Dersom eleven eller føresette vil kontakta nokon som kan vurdere om skulen har handsama saka rett eller burde gjera mer, kan dei melde frå til Fylkesmannen. Å melde til Fylkesmannen er aktuelt dersom saka allereie er tatt opp med rektor for meir enn ei veke sidan, og elev eller føresette ikkje er nøgde med korleis skulen følgjer opp saka for at eleven skal få det trygt og godt (Udir-3-2017). Meldinga kan skje skriftleg eller munnleg, på papir eller elektronisk.

Oppdatering av handlingsplanen

Det ligg til rektor å gjennomføre oppdateringar av handlingsplanen.